



Heim = Fyresdal BULYST 2013-2016

Monica Sølyst

Frist: 1 desember 2016

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport BOLYST

Til: KMD

Fra: Fyresdal kommune

Dato:

Fyresdal kommune har sidan 2013 jobba med Bulyst-prosjektet Heim=Fyresdal. Hovudmålet har vore å auke og oppretthalde folketalet gjennom ulike tiltak lokalt. Prosjektet er no gjennomført med tilfredsstillande resultat.

Kommune:	Fyresdal
Prosjektnavn:	Heim = Fyresdal
Prosjektleder:	Monica Sølyst, Faun Naturforvaltning AS. Delprosjektlederar: Ragnhild M. Berge, Aslak Momrak-Haugan, Svein Slyngstad (alle Fyresdal kommune) og Tor Gunnar Austjord, Faun Naturforvaltning AS.
Leder i styringsgruppen:	Erik Skjervagen, ordførar Fyresdal kommune
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lene Hennem, Telemark Fylkeskommune
Hvilke mål og eventuelle delmål har prosjektet hatt?	<p>Mål hovudprosjektet</p> <p>Resultatmål: Oppretthalde og auke innbyggjartalet, for å trygge offentlege og private tilbod, ved å styrke bli-lyst og bulyst for både noverande innbyggjarar og tilflyttarar, særleg bornefamiliar.</p> <p>Effekt mål: År 2016 – 1360 innbyggjarar År 2018 – 1380 innbyggjarar År 2020 – 1400 innbyggjarar</p> <p>Mål delprosjekt</p> <ol style="list-style-type: none">1. Attraktive bumiljø: Sikre attraktive tomter og bustader i Fyresdal2. Hamaren Aktivitetspark: Bidra til god folkehelse ved å legge til rette for aktivitetspark for mange målgrupper i Fyresdal sentrum3. Folkestadbyen: Sikre trygge arbeidsplassar i handelsstanden i Fyresdal, og bidra til at Folkestadbyen oppretthaldast som ein god møteplass4. Aktiv i Fyresdal: Større grad av integrering og inkludering av born og unge i fritidsmiljøet i Fyresdal5. Ungdom tar ansvar: At ungdom får medverke til ein meir attraktiv heimsplass. Bidra til auka returlyst etter utdanning og andre erfaringar utabygds.

	<p>6. Referanseprosjekt – Næringshagemiljøet: Sikre eit veksande næringsliv og nye arbeidsplassar, med særleg fokus på naturbaserte næringar.</p>
<p>Hvilke hovedaktiviteter og tiltak er gjennomført i prosjektet?</p>	<p>Hovudprosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegging og tilrettelegging • Koordinering av hovudprosjekt og delprosjekt gjennom praktisk arbeid og gjennomføring av styringsgruppemøter og prosjektleiarmøter • Kontinuerleg oppfølging av potensielle heimflyttarar, ved direkte kontakt og tilrettelegging ved førespurnad. • Statusoppdateringar til politikarar, administrasjon i Fyresdal kommune og til innbyggjarar og brukargrupper. • Søknadar om finansiering og rapportering på tilskot • Dialog og samarbeid med Telemark fylkeskommune • Deltaking i relevante fora, seminar <p>Delprosjekt 1 Attraktive bumiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bustadbygg i sentrum oppført av lokal privat aktør, 7 leiligheter. Kjøp og utleie. • Fyresdal kommune har kjøpt prøvebustad • Gjennomført seminar med fylkeskommunen, Distriktsenteret, Husbanken, kommunestyret, lokale entreprenører og relevant kommuneadministrasjon. • Lagt til rette for to nye bustadfelt; Sørbygda og Tøddebakkane Nord. • Gjennomført «mulighetsstudie» med Feste Grenland (landskapsarkitektar). Fått forslag til plan for sentrum (Folkestadbyen) og tilknytt område. • Gjennomført folkemøte i samband med «mulighetsstudien» • Presentert plan i kommunestyret haust 2015 <p>Delprosjekt 2 Hamaren Aktivitetspark:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Områdeplan laga av AT Plan AS • Forvaltningsplan godkjent av Fylkeskommunen • Spelemiddelsøknad godkjent • State of the art sykkelløype (1 km) bygd av Bike Solutions (Frankrike) • Bygd utekjøkken med gassbluss, bakaromn og arbeidsbenk • Bygd 2,85 km turveg; 2,1 km UU, 0,75 km «barnevogntrase» • Bygd grillhytte • Gjennomført Innovasjonscamp på Gimle skule med utforming av toppen av Hamaren som oppgåve • Bygd gapahuk og bål plass på toppen av Hamaren i samarbeid med Feste Grenland og Gimle skule • Rydda og tilrettelagt skiløypetrase • Rydda 600,69 m³ med tømmer

- Gjennomført skuleprosjekt med 7 klasse på Gimle skule og laga Natursti for skule- og barnehageborn med informative skilt i supersign, 12 tema: Bukkane Bruse, Sumpområde, Fiskane i Fyresdal, Munkhola, Insektshotell, Bever, Skogen i Fyresdal, Hakkespett, Maur, Treslag, Elg, Istid.
- Laga skiltplan til heile området, bestilt skilt.
- Laga informasjonstavler og inngangsportalar til dei 3 hovudinngangane til parken
- Laga benkplan
- Oppretta eiga Facebookside for prosjektet med kontinuerleg oppdatering om framdrift
- Pressedekning
- Gjennomført synfaringar med deltakarar frå ulike regionale funksjoner innan næring, kultur, friluftsliv og idrett

Delprosjekt 3: Folkestadbyen

- Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant hytteigarar. Det kom inn 247 svar av 1027 utsendte brev. Svara er bruka aktivt i marknadsføring av Folkestadbyen og til andre tiltak.
- Gjennomført Skiskytingas Dag i sentrum to gonger (rulleskirenn og løp for alle)
- Ny ordning med premiering av lokal handel, gjennomført tre år med «Fordelskort for lokalkjøpte jolegåver». Auka handel og meir fokus på å handle lokalt.
- Nye ljوسrekker og fleire joletreljوس til jolegata
- Sesongdekor laga av borna på Gimle skule og Damene på by'n (nissar, snomenn, sommarblomar og elgar)
- Skilting, i byen og langs hovudvegen (Vegvesen)
- Marknadsføringsmateriell til Folkestadbyen
- Marknadsføringstiltak i den enkelte butikk
- Arrangert Damenes Aften – sals og festaften for bygdas damer (og tilreisande) 2 år, kjempesuksess
- Sals og marknadsføringskurs for butikkeigarar med Nina Gundersen
- Direkte marknadsføring mot hytteigarar
- Oppussing av den gamle telefonkiosken
- Gjennomført Tour of Norway for kids i sentrum
- Har laga Youtube filmar av Folkestadbyen.

Delprosjekt 4: Aktiv i Fyresdal

- Arrangerte og gjennomførte motivasjonsmøte med konsulent frå Troms Idrettslag. God oppslutning
- Laga og publisert ein You-tube film om aktivitetstilbud i Fyresdal https://www.youtube.com/watch?v=rh_KdpwOxDs
- Oppmøte i styremøter og årsmøter i Idrettsrådet for å orientere om prosjektet og få innspill frå laga

- Oppmøte i styremøte hjå dei ulike laga for å orientere om prosjektet og oppfordre til betre integrering i laga
- Tilsett ekstern prosjektleiar i 40%
- Styringsgruppe med representantar frå idrett, integreringsarbeid, kommunen/omsorgsteam og hovudprosjektadministrasjonen
- Arbeid for å etablere fadderordning knytta til deltaking i idrettslaga. Prosjektleiar har hatt møte med alle laga for å syte for at kvart lag utnemner ein person til å ha særleg integreringsansvar. Arbeidet synte raskt at foreldregruppa i laga ikkje har kapasitet til fadderordning for andre born. Etter arbeid med andre friviljuge lag som Røde Kors, Bygdekvinnelaget og Pensjonistlaget blei løysinga å jobbe for Frivilligsentral. Ei av hovudoppgåvene til sentralen vil vere å fylgje opp born som vil inn i idrettslaga.
- Arbeid med introduksjonsrutinar for nyinnflytte. Dei skal få informasjon om tilboda i kommunen, helst på sitt språk. Målet er å få nyinnflytta inn i organisert aktivitet så snart som råd for å lette integreringa og inkluderinga av både born og foreldre.
- Stimulering til deltaking i etablerte lokale aktivitetar. Mottaksapparatet Telemark Lys informerar og motiverar meir aktivt til deltaking i lag og organisasjonar
- Arbeid for å motivere ungdom til å ta verv i idrett og friviljug arbeid. To ungdommar har delteke på leiarkurs i regi av Telemark Idrettskrets. Sommaren 2014 arrangerte to jenter ei veker sommarleir med aktivitetar for yngre ungdom.
- Prosjektleiar gjennomførte møter med kommunen om tiltak i helgene. Ungdomsklubben har arrangert helgeaktivitetar med blant anna paintball og turar til skatepark mm.

Delprosjekt 5: Ungdom tar ansvar

- Planlegging, forankring og finansiering av prosjektet
- Gjennomførte oppstartsmøte med ungdomsrådet – kva ynskjer ungdommen sjølv? Kva manglar de? Korleis kan vi fasilitere slik at de kan ta meir initiativ sjølve?
- Tilsette ein ekstern prosjektleiar. Engasjementet varte berre 4 månadar så tok hovudprosjektleiar og leiar for ungdomsklubben over ansvaret.
- Ungdomsrådet ynskte ein mobil scene for å kunne arrangere større konsertar og andre show. Denne blei finansiert og kjøpt inn. Scenen har vore mykje bruka.
- Det vart sett i gang kurs i redesign og møbelsnekkeri utan særleg interesse.
- Etablert samarbeid med RC klubben om køyring på nyoppussa RC bane. Prosjektet har bidrege med to ekstra bilar slik at køyring er for alle.
- Gjennomført ungdomsquiz
- Bygd opp anlegg og rigg gruppe for Drive-in kino. Vi har vist Børning, The Fast and the Furious 7 og Bølgen. Neste planlagde vising er Fast 8. Veldig populært tiltak som dreg folk

	<p>frå heile regionen (Telemark). Mellom 250 og 300 betalande kvar gong.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er lagt ned mykje arbeid for å få til eit filmprosjekt, men det har vi ikkje lykkast i å finansiere • Oppretta kulturforum. Forumet har fleire undergrupper, blant anna ei «Kultarr» gruppe som er med og arrangerer konsertar og liknande. Grappa deltok i UKM og gjekk vidare til fylkesfinalen. <p>Delprosjekt 6: Referanseprosjekt – Næringshagemiljøet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heim=Fyresdal har haldt dialog med næringshageprosjektet gjennom heile prosjektperioden. • Lista over kompetanse og utvikling hos fyresdølane som vurderte å flytte heim er blitt bruka aktivt i utvikling av arbeidsplassar i næringshagen. • Heim=Fyresdal har hatt oversikt over mange prosessar i Fyresdal og har derfor gjennom prosjektet tilført næringshagen informasjon om bustad, aktivitetar og marknad som er viktige faktorar dersom ein bytter til jobb på ny stad.
<p>Hvilke resultater er oppnådd i prosjektperioden?</p>	<p>Hovudprosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heimflytting: Av 54 som svara at dei ville eller vurderte å flytte heim har 23 stykk flytta heim eller tatt aktivt grep for å bli heime ved å skaffe seg jobb eller bustad (kjøp og bygg) <p>Med born og ektefellar er talet 48 stykk i løpet av prosjektperioden.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inn- og utflyttingstala for kommunen er snudd i rett retning. 2013: Innflytting 44 Utflytting 83 2015: Innflytting 83 Utflytting 47 • Det offentlege tenestetilbodet er oppretthaldt • Talet på arbeidsplassar er det same i 2013 og i 2015: 530 • Auke hjå private aktørar, t.d Spar Fyresdal: Driftsinntekter og resultat 2012: 20 310 K og 505 K Driftsinntekter og resultat 2015: 27 835 K og 1531 K <p>Delprosjekt 1: Attraktive Bumiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Plan for sentrum og tilhøyrande område, teikna av Feste Landskap • Fleire attraktive bustadområde • Bumiljø som satsingsområde er blitt meir politisk viktig • Aukande vilje blant private til å satse på eigedomsmarknaden • Vidare satsing på bumiljø gjennom By- og regionsprogrammet for Vest-Telemark <p>Delprosjekt 2: Hamaren Aktivitetspark</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Flott nærfriluftslivsanlegg for mange målgrupper i sentrum • Sentrumsnære treningstilhøve for gåande, syklande og skigåarar • Turløype for alle brukargrupper med gode samlingsplassar • Auka høvet for skule og barnehage til å bruke tid ute i nærområdet • Auka høvet til friluftsopplevingar for alle som bur i sentrum og alle som besøker sentrum. • Auka høvet til friluftsopplevingar for menneske med nedsett funksjonsevne • Auka attraktivitet for Fyresdal som bustad og som reisemål <p>Delprosjekt 3: Folkestadbyen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka lokal handel • Auka omdømme for Folkestadbyen • Tidvis betre omsetning i butikkane i sentrum • Fleire arrangement og salstoppar i sentrum • Betre samarbeid mellom arrangørar og sentrumsbutikkane, fleire oppdagar vinn-vinn forholdet ved å halde arrangement i eit levande sentrum • Auka kompetanse hos butikkdrivarar <p>Delprosjekt 4: Aktiv i Fyresdal</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når frivilligsentralen blir etablert vil det vere eit fast tilbod om fadderordning som ei av arbeidsoppgåvene. På denne måten får idretten tilgang til faderar som har motivasjon og ledig tid, samt eit system til å styre det. • Ordningar hjå alle deltakande lag for å ta imot innflyttarar med kontaktpersonar og utlån av utstyr der det er nødvendig. • Introduksjonsrutinar for innflyttarar er etablert og implementert • Rutinar og materiell for å informere og stimulere til deltaking i lag og organisasjonar. (brosjyre på 9 språk) • Fleire helgetiltak for ungdom – godt integreringstiltak • Generelt mykje betre integrering i borne- og ungdomsmiljøet, meir forståing for kulturane til kvarandre, både blant vaksne og born. <p>Delprosjekt 5: Ungdom tar ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det tydelegaste resultatet med arbeidet innan denne aldersgruppa er at dei stort sett er nøgde med forholda slik dei er. Dei er ikkje redde for å ta initiativ når det trengs, men er klar over begrensingane i ein liten kommune. Prosjektet som «ny» aktør blant denne gruppa verkar forvirrande på ungdommen, dei meiner dei har nok kontaktpunkter. Viktig resultat.
--	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsklubben, treningscenteret, drive-in kino og konsertarrangement på ny mobilscene av lokal konsertarrangør verkar til å tilfredsstille dei eldre ungdommane • Meir fokus på å involvere ungdom som bur heime i tiltak og på arbeidsplassar. <p>Delprosjekt 6: Referanseprosjekt – Næringshagemiljøet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Byggetrinn 1 og byggetrinn 2 er ferdige 2600 kvm bygg • Fyresdal kommune er no leigetakar i nytt bygg • Ca 85 personar arbeidar i næringshagen i 2016
<p>I hvilken grad har prosjektet nådd sine mål? Sett ett kryss</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Resultater og mål er i hovedsak realisert x - Forventer resultater først innen to år fra nå - Forventer resultater først etter to år eller mer - Forventer ikke vesentlige resultater
<p>Hvilke uventede resultater har prosjektet hatt (positive og/eller negative)?</p>	<p>For å skape engasjement rundt utviklinga i Hamaren Aktivitetspark tok prosjektet initiativ til å gjennomføre Innovasjonscamp på Gimle Skule i 2015. Ei av oppgåvene var ideskisse for Klokkarhamaren, Hamarens høgaste topp. Det blei knytt viktige kontaktar med Ungt Entreprenørskap Telemark og kommunen har sett i gang fleire prosjekt innan entreprenørskap og arrangerer Innovasjonscamp og i 2016.</p> <p>Engasjement og samarbeid rundt Hamaren Aktivitetspark har ført til tettare samarbeid mellom privat/offentleg og mellom ulike kommunale instansar.</p> <p>Breiare innbyggjarengasjement, lågare terskel for å fremje idear og jobbe for gjennomføring</p> <p>Større ynskje om samarbeid, særleg mellom ulike lag og organisasjonar. Kvar for ein er vi små, men saman kan vi få til mykje, til dømes Sportsdestinasjon Fyresdal. Det er eit nytt prosjekt som kjem i gang i 2017 der alle idrettslaga samt sportsbutikken og treningscenteret samarbeider for å satse på Fyresdal som sportsdestinasjon for tilreisande. Hamaren Aktivitetspark blir sentral i marknadsføringa.</p> <p>Idrettshall stod høgt på lista over kva utflytta fyresdølar meinte var viktig for å flytte heim. No er forstudie gjennomført og planen er å byggje hall i 2019.</p>
<p>På hvilken måte har prosjektresultatene kommet målgruppene til nytte?</p>	<p>Tilflyttarar og innbyggjarar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye tilbod og nye tiltak • Fleire nye arrangement • Tettare samhald på tvers av grupper • Meir og betre informasjon • Auka «pride in place» <p>Utflytta fyresdølar mellom 20-40 år (2013)</p>

- Analysa i forprosjektet «Heim til Fyresdal» peika på at denne gruppa i større grad ynskjer seg tilrettelagde tilbod. Det har vore ei satsing i prosjektperioden; Hamaren Aktivitetspark, møteplassar i sentrum (butikkar, cafe og treningssenter), arbeid for idrettshall, betre skiløypenett
- Dei har fått informasjon om arrangement, tilbod og tiltak i kommunen i prosjektperioden.
- Kommunen har no eit godt system for å ta seg av dei som ynskjer å flytte til Fyresdal.

Småbarnsfamiliar, born og unge, innbyggjarar generelt, rørslehemma, turgåarar, mosjonistar, skigåarar, skule/barnehage, eldre, tilreisande

- Friluftsområde i sentrum
- Høve til friluftsliv med turmål og grillplass fleire stader
- Lågterskel tilbod
- Universelt utforma veg, gode møteplassar
- Område både til trening, rekreasjon og sosiale tilstellingar
- Arkitektteikna og spektakulær gangveg som aukar attraktiviteten til Fyresdal – spanande for tilreisande
- Skiløype midt i sentrum, når tilhøva tillèt køyring av løyper
- Mange spanande aktivitetar for born/familiar

Butikkeigarar, Folkestadbyen, lokale kundar, hytteigarar/tilreisande

- Fleire enn butikkeigarane som er opptekne av lokal handel
- Fleire grupper er opptatt av å knytte arrangement til sentrum og såleis gje kundar/deltakarar ei betre oppleving og gje butikkane auka besøk og handel
- Auka marknadsføring av sentrum
- Meir informasjon til kundar om tilbod og aktivitetar i sentrum
- Auka kompetanse hjå butikkdrivarar kjem både dei sjølve og kundane til nytte.

Innflyttarar/busette flyktningar, både med norsk og utanlandsk bakgrunn (primært born)

- Meir informasjon om fritidstilbod til nyinnflytta, særleg til utsette grupper som er innoom integreringsverksemda Telemark Lys.
- Innbyggjarane er blitt generelt meir opptekne av å inkludere kvarandre og ta høgde for at innflyttarar frå andre kulturar treng litt tid til å tilpasse seg vårt system.
- Betre system for informasjonsflyt
- Faddersystem innan idretten
- Større kontaktflater, fleire som tar kontakt
- Lag og organisasjonar, samt kommunale institusjonar er meir opptekne av å få med born frå alle grupper

	<ul style="list-style-type: none"> • Integreringsarbeidet i kommunen har fått eit mykje tettare samarbeid med både skule, barnehage og idrett for å legge til rette for aktivitetsdeltaking. Både for bursdagar, møter, fotball og andre aktivitetar. <p>Ungdom mellom 13-19 år</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire aktivitetstilbod • Ungdommen blir spurt om fleire tillitsverv og har dermed større høve til å påverke eige lokalsamfunn • Blir oftare sett på som ein ressurs i lokalsamfunnet <p>Eksisterande og nye verksemdar knytta til Fyresdal næringshage</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samanhengen mellom arbeid, attraktiv bustad og lokalsamfunn er blitt tydelegare for fleire • Det er blitt gode tilhøve til samarbeid mellom ulike verksemdar og mellom privat og offentleg sektor • Verksemdar med kontor i næringshagen er blitt meir attraktive for jobbsøkarar
<p>Hvor, geografisk, har prosjektet hatt sine resultat? (Kryss av)</p>	<p>a) Helt lokalt nedslagsfelt</p> <p>b) Egen kommune x</p> <p>c) Effekten kommer innen flere kommuner i regionen.</p>
<p>Hvilke målsettinger for distrikts- og regionalpolitikken kan prosjektet bidra til? (Sett kryss ved svaret, max tre kryss)</p>	<p>a) Stabilisere eller øke befolkningen x</p> <p>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x</p> <p>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer</p> <p>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd)</p> <p>g) Styrke regionale senter</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? x</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?</p>
<p>Hvilke arbeidsformer og metodikk er brukt i prosjektarbeidet?</p>	<p>Heim=Fyresdal har vore organisert på ein ny måte som har gitt ein god arbeidsform i prosjektet. Hovudprosjektleiaren har stått for prosessleiing, og har støtta delprosjektleiaren med prosjektkunnskap, søknadsskriving (stor og tidkrevjande jobb), rapportering og kommunikasjon. På denne måten har delprosjektleiaren kunna bruke sin fagkompetanse fullt ut og har unngått mykje administrasjonstid. Alle gjer det dei er gode på og ressursane blir nytta fullt ut.</p>

	<p>Prosjektet har bruka PLP metoden, både i hovudprosjektet, men og i delprosjekta. Styringsgruppa har fungert som styringsgruppe for alle delprosjekta, men kvart delprosjekt har hatt egne prosjektgrupper med ressurspersonar. I tillegg har vi hatt jamnlege prosjektleiarmøter der vi har informert kvarandre om prosjektstatus, økonomi og høve til samarbeid på tvers av delprosjekta.</p> <p>Prosjektet har blitt godt forankra i lokalsamfunnet gjennom dei ulike gruppene som har vore involvert.</p> <p>Arbeidsmetoden har blitt referert til som «Fyresdalsmetoden»</p>
<p>På hvilken måte har kommunen/prosjektet fått ny/endret kunnskap om lokalt utviklingsarbeid som følge av prosjektet?</p>	<p>Kommunen har fått ny kunnskap om korleis lokale utviklingsprosjekt både kan skape auka attraktivitet og bulyst i eit lite lokalsamfunn, og utløyse eit sterkt engasjement hos innbyggjarane. Med sterkt fokus, god prosjektstyring og dyktige prosjektleiarar, saman med tilgang til eksterne prosjektmidlar, blir det mogleg å få sett i gang og gjennomført tiltak som verken kommunen eller næringsdrivande er i stand til å ta over eige driftsbudsjett. Vi har erfart at lokalt utviklingsarbeid nyttar, og i Heim=Fyresdal har vi erfart at direkte og personleg kontakt med utflytta fyresdølar, som vi har vurdert som potensielle tilbakeflyttarar, har gitt betre resultat enn brev, brosjyrar, medieomtale o.l.</p> <p>Gjennom prosjektet har vi og erfart at systematisk og målretta integreringsarbeid innan kultur- og idrettsaktivitetar har auka involveringsgraden og redusert konfliktnivået blant barn og unge betydeleg.</p> <p>Kommunen har gjennom prosjektet klart å legge til rette for attraktive, byggeklare bustadtomter, og har sett i gang ein prosess rundt fortetting og samspel mellom bustad og næring i kommunesenteret Folkestadbyen. Vi har fått auka kunnskap om at potensielle tilflyttarar forventar eit bustadtilbod som både er klart – og attraktivt.</p>
<p>Deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet og ekstern kommunikasjon</p>	<p>Prosjektleiinga har kvart år delteke på samlingar i regi av Telemark fylkeskommune. Vi har og arrangert eige seminar med fokus på bustadattraktivitet der både Husbanken, fylkeskommunen og andre føredragshaldarar var med. Møtet var ope for alle og det kom deltakarar frå andre kommunar. Vi har presentert våre erfaringar på ulike regionale seminar. Delprosjekt Aktiv i Fyresdal har presentert sine erfaringar både for idrettskretsen i Telemark og på Ekstrastiftelsen sin årlege konferanse i Oslo.</p> <p>Når det gjeld Hamaren aktivitetspark har vi hatt synfaring og erfaringsutveksling med alle idrettskonsulentane i Vest-Telemark og vi er blitt kontakta av enkelte kommunar for nærare erfaringsutveksling.</p>

	<p>Prosjektet har nytt godt av erfaringar og råd frå andre kommunar som jobbar med dei same problemstillingane. Sjå neste punkt.</p>
<p>Hva har forankringen betydd for resultatene?</p>	<p>Det har vore avgjerande å vere ein del av stadsutviklingsnettverket til Telemark fylkeskommune. Her har både prosjektleiar og kommuneadministrasjon fått tips, råd, høve til å treffe andre som driv med same mål, samt auka kompetanse på mange aktuelle område. At Heim=Fyresdal med sine mange delprosjekt har vore forankra i fleire planar både på fylkes og nasjonalt nivå har vore veldig viktig. Å jobbe med område er som er prioriterte i plan er utløysande for midlar og ein får tilgang på omfattande kompetanse.</p> <p>Tilgang på midlar og kompetanse har i sin tur gjort til at vi har nådd dei fleste måla i prosjektet.</p>
<p>Hva har bolysttilskuddet betydd for prosjektet?</p>	<p>Bulysttilskotet var heilt avgjerande for igangsetjing av Heim=Fyresdal. Tilskotet har utløyst trippelt så mykje midlar frå andre finansieringskjelder. Det at eit sentralt statleg organ seier at det er viktig å satse på Bulyst får andre aktørar til å forstå at dette ikkje berre er «trivselstiltak», men at satsing på Bulyst fører til utvikling innan næringsliv, arbeidsplassar, betre tenester, fokus på bustadbygging og betre infrastruktur. Bulyst arbeidet har sett i gong prosessar som er viktige for samfunnsutviklinga i Fyresdal.</p> <p>Tilskotets størrelse har gjort til at Fyresdal kommune har hatt høve til å leige inn rett kompetanse og på den måten heve kvaliteten på arbeidet. Prosjektet ville ikkje fått same omfang eller resultat dersom vi skulle gjennomført prosjektet med ressursane innomhus.</p>
<p>Gi en kort omtale av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Oppgåva med å fylgje opp heimflyttarar er lagt til næringssjefen i tett samarbeid med planavdelinga i høve til rådgjeving om bustad og liknande. Godt samarbeid med skule og barnehage i høve til omvising for tilflyttarar.</p> <p>Kommunen har ei eiga fane på nettsida retta mot dei som ynskjer å bli innbyggjarar.</p> <p>I prosjektet Aktiv i Fyresdal er det laga rutinar for mottak av barnefamiliar, særleg med tanke på involvering i fritidstilbud. Telemark Lys tek seg av oppfølging av flyktningar, medan helsesyster/skule tek seg av andre tilflyttarar. Dei får munnleg informasjon samt brosjyre på eige språk og blir vist film om aktivitetstilbod.</p> <p>For å sikre at born i nye familiar eller born i ein vanskeleg situasjon får vere med på det fritidstilbudet dei ynskjer, uavhengig av om føresette har kapasitet til å fylgje opp, blir det starta ein Frivilligsentral. Sentralen skal blant anna finne ressurspersonar som ynskjer å bidra og kople desse med familiar som kanskje treng nokon til å køyre på kampar, fylgje</p>

	<p>på trening og stå i kiosk. Sentralen skal og hjelpe til med utstyr. I tillegg skal sentralen jobbe mot andre brukargrupper.</p> <p>Hamaren Aktivitetspark er blitt eit flott område for mange brukargrupper, men her er høve til å utvikle fleire aktivitetstilbod og til å forlengje turvegen. Det er Fyresdal kommune som har tatt på seg vedlikehaldsansvaret for Hamaren. Allereie i januar 2017 vil det bli sett i gang oppfylgingsprosjekt og planen er å utvikle nye tilbod.</p> <p>Utekino er blitt ein suksess i løpet av prosjektperioden og det er nedsett ei fast kinogruppe som arbeider på friviljug basis for å vise to filmar i året. Gruppa samarbeider med Bygdekinoen.</p> <p>Feste Landskap laga ein «mulighetsstudie» for sentrum av Fyresdal. I 2017 søker Fyresdal kommune Husbanken om finansiering og kompetansetønad til å utvikle nokre av planane i framlegget. NAV er flytta til næringsshagen og lensmannskontoret blir truleg flytta til annan kommune, begge kontorbygga ligg i sentrum. Her opnar det seg høve for nye bustader som vi ynskjer å sjå nærare.</p> <p>Gjennom bulyst-prosjektet vart det sett i gong ei rekke nye arrangement, mest i sentrum. Dei fleste arrangementa har fleire mål; både underhaldning, knytte saman samfunnsgrupper OG auka handel. Alle arrangementa har faste arrangementsgrupper og vil bli vidareført etter prosjektslutt.</p>
<p>Overføringsverdi / hva kan andre lære av deres prosjekt?</p>	<p>Heim=Fyresdal har gjort mange prosessar og grep som kan vere god læring for andre.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsmetode «Fyresdalsmetoden» • Korleis ein med god planlegging kan få arrangement til å få fleire funksjonar som sosiale møteplassar, underhaldning og auka omsetting i lokalt næringsliv. • Korleis sterk involvering av lokalsamfunnet bidreg til betre resultat, auka eigarskap og betre samarbeidsklima. • Bruke god tid på å undersøke ulike finansieringsløyisingar og sette desse saman for å få best resultat for kommunen • Organisere arbeid i prosjekt for å hente ut meir midlar til gjennomføring.
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Sjå vedlegg</p>

